



OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Dato: 24.10.2017  
Vår ref.: 2017/15735-2  
Saksbehandlar: gudmath  
Dykkar ref.:

## Forskrift om kommunens mynde i mindre vasskraftsaker. Fråsegn

Olje- og energidepartementet har sendt på høyring forskrift om kommunen sin mynde i mindre vasskraftsaker. Forslaget følgjer opp endringa i vannressursloven om overføring av vedtakskompetanse og saksbehandling i vasskraftsaker inntil 1 MW frå fylkeskommunen til kommunen, jf. Prop 97 L (2016-2017).

Fylkesutvalet i Hordaland handsama den 23.02.2017 sak om forslag til endringar i vannressursloven og jordlova og fatta følgjande vedtak:

- « Fylkeskommunen har sidan 2010 hatt vedtaksmyndigkeit i kraftsaker under 1 MW, men med ei rekkje unnatak. Forslaget om å overføre denne type saker til kommunane vil framleis ha mange unnatak, og sakene vil vere få, men stadig meir konfliktfylte. Det vil vere betre ressursbruk og meir effektivt å handsame sakene regionalt. Fylkesutvalet går inn for at myndigheita framleis skal vere hjå fylkeskommunane.
- 2. Fylkesutvalet meiner at OED må utgreie å overføre større myndighet for kraftsaker under 1 MW til dei nye regionane. Dei vil ha den nødvendige kompetansen til å behandle fleire type søknader. Fylkesutvalet ber om at OED utset endring av vannressursloven på dette punktet til regionreforma er vedtatt. Dei nye regionane bør få fleire, ikkje færre oppgåver.
- 3. Fylkesutvalet har ingen merknader til dei andre forslaga til endringar i Vannressursloven.
- 4. Fylkesutvalet har ingen merknader til forslag til endringar i Jordlova «

Vannressursloven er no endra. Vedtakskompetanse og saksbehandling i vasskraftsaker inntil 1 MW frå er overført frå fylkeskommunen til kommunen, med verknad frå 1. januar 2018.

Hordaland fylkeskommune merker seg at i framlegg til forskrift har unnataka frå vedtakskompetansen auka frå fem til sju. Alle unnataka skal behandlast av NVE.

Vi har elles ingen merknader til framlegg til forskrift.

Bård Sandal  
Direktør regional utvikling

Sølve Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.